

UTSKRIFT AV PROTOKOLL FRÅ MØTE I MØRE OG ROMSDAL FYLKESUTVAL 31. OKTOBER 2005

SAK U-103/05

NOU 2005:11 DET OFFENTLIGE ENGASJEMENT PÅ TANNHELSEFELTET - HØYRING

Oskar Grimstad fremma følgjande forslag:

1. Den offentlege tannhelsetenesta må styrkast. Spesielt gjeld dette tilboda i distrikta.
2. For å imøtekome utfordringane, er ein kraftig auke i tilgang på tannlegar og tannpleiarar heilt nødvendig. Ei målstyrt stipendordning til denne utdanninga må vere eit av verkemidla i tillegg til auke i utdanningsinstitusjonar.
3. Førebyggjande arbeid bør styrkast ved auke i tilgangen på tannpleiarar, spesielt retta mot dei som har rettar i offentleg tannhelseteneste. Det er behov for ein brei gjennomgang av gjeldande forskrifter og retningslinjer når det gjeld trygda sine refusjonsordningar.
4. Inntil dekninga av tannlegar er akseptabel, kan turnusteneste brukast som verkemiddel.
5. Tannhelse bør likestillast med anna helse og finansierast gjennom trygdesystemet. Det bør vere same eigendelstak som elles i helsevesenet, med unntak av barn og unge frå 0 – 19 år og eldre og uføre utan særtillegg frå folketrygda (minstepensjonistar). Desse gruppene må få gratis tannbehandling."

Svein Atle Roseth fremma på vegner av KrF, Ap, SV og V følgjande forslag:

"Pkt 1. Tillegg:

Dette må ha som konsekvens at økonomiske rammer til fylka må styrkast gjennom større vektlegging av tannhelsetenesta frå Regjering/Storting. Møre og Romsdal fylke har vist ansvar gjennom styrking av tannhelsebudsjetta sidan 2003.

Pkt 6.

... blir utvida til og med 20 år...

Nytt pkt 11.

Møre og Romsdal syner elles til uttale av 28.10.2005 frå Møre og Romsdal eldreråd om tannhelsetenesta."

Votering:

Grimstad sitt forslag, punkt 1, vart samrøystes vedteke.

Roseth sitt forslag, tillegg til punkt 1, vart vedteke med 8 mot 5 røyster.

Ved alternativ votering mellom tilrådinga punkt 2, 3, 4 og 5 og Grimstad sitt forslag punkt 2, 3, 4 og 5, vart tilrådinga vedteken med 7 mot 6 røyster.

Tilrådinga punkt 6 med endringsforslaget frå Roseth vart samrøystes vedteke.

Ved punktvis votering vart tilrådinga punkt 7, 8 og 9 samrøystes vedtekne.

Tilrådinga punkt 10 vart vedteke med 7 mot 6 røyster.

Roseth sitt forslag til nytt punkt 11 vart vedteke med 9 mot 4 røyster.

Vedtak i Fylkesutvalet - 31.10.2005

Møre og Romsdal fylke sluttar seg i hovudsak til tannhelseutvalet sine vurderingar og tilrådingar og vil særleg gi uttrykk for følgjande synspunkt:

1. Den offentlege tannhelsetenesta må styrkast. Spesielt gjeld dette tilboda i distrikta. Dette må ha som konsekvens at økonomiske rammer til fylka må styrkast gjennom større vektlegging av tannhelsetenesta frå Regjering/Storting. Møre og Romsdal fylke har vist ansvar gjennom styrking av tannhelsebudsjetta sidan 2003.
2. Det blir innført prisregulering og nasjonale maksimaltakstar for tannbehandling.
3. Det blir innført etableringskontroll for tannlegar.
4. Det blir innført turnusteneste for tannlegar.
5. Tannhelsetenesta sitt forvaltningsnivå blir tillagt forvaltningsansvaret og får nødvendige juridiske og økonomiske verkemidlar for samordning av ein samla offentlig og privat sektor.
6. Den øvre aldersgrensa for rett til eit fritt og oppsøkjande tannhelsetilbod for barn og ungdom blir utvida til og med 20 år.
7. Det blir ikkje kravd eigendelar for personar som har rettar i offentlig tannhelseteneste.
8. Når fleire nye grupper får rettar i offentlig tannhelseteneste, må det vere ein absolutt føresetnad at dei auka utgiftene blir finansiert fullt ut gjennom statlege overføringar til fylkeskommunane/forvaltningsnivået.
9. Det førebyggjande og helsefremjande arbeidet blir styrka gjennom større satsing på forsking og betre samarbeid mellom forvaltningsnivåa i helsetenesta.
10. Fylkeskommunen/regionalt forvaltningsnivå skal framleis ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
11. Møre og Romsdal syner elles til uttale av 28.10.2005 frå Møre og Romsdal eldreråd om tannhelsetenesta.